



**Sauda kommune**

Litt betre kvar dag!

## **ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN 2016 - 2020**

**Vedtatt 21.09.2016  
Sak 070/2016**

## **Innhold:**

<b>1</b>	<b>INNLEIING.....</b>	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>ALKOHOLOMSETNING, SKJENKE- OG SALSTIDER.....</b>	<b>4</b>
<b>2.1</b>	<b>Omsetting, skjenking og sal.....</b>	<b>4</b>
<b>3</b>	<b>SKJENKE- OG SALSØYVE.....</b>	<b>4</b>
<b>3.1</b>	<b>Salsøyve - Alkoholova § 3.....</b>	<b>4</b>
<b>3.2</b>	<b>Skjenkeløyve – Alkoholova § 4.....</b>	<b>5</b>
<b>4</b>	<b>GEBYR FOR LØYVE.....</b>	<b>5</b>
<b>5</b>	<b>SAKSBEHANDLING.....</b>	<b>6</b>
<b>5.1</b>	<b>Kommunestyret.....</b>	<b>6</b>
<b>5.2</b>	<b>Delegert mynde.....</b>	<b>6</b>
<b>6</b>	<b>KRAV TIL LØYVEHAVAR.....</b>	<b>6</b>
<b>6.1</b>	<b>Kommunen sin kontroll med praktisering av løyva.....</b>	<b>7</b>

## 1 INNLEIING.

Lovgrunnlaget for alkoholpolitisk handlingsplan er alkohollova med tilhøyrande forskrifter. Formålet med alkohollova er nedfelt i § 1: «*Reguleringen av innføring og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.*»

I følgje § 1-7d i alkohollova er kommunen pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Dette tok til å gjelde frå 1. januar 1998.

Når det gjeld alkoholpolitikk, er det fleire legitime og til dels kryssande interesser ein må ta omsyn til. Dette gjeld mellom anna sosial- og helseinteresser, næringsinteresser og omsynet til dei av innbyggerane som vil ha alkohol lett tilgjengeleg. I alkoholpolitikken kan ein ikkje oversjå nokon av desse interessene.

Ein heilskapleg edruskapspolitikk handlar òg om problem knytt til legale og illegale rusmiddel. Denne planen omhandlar alkoholpolitikken og er meint som ramme for å sikra ein ansvarleg og føreseieleg alkoholpolitisk praksis. Det inneber at skjenking og sal av alkohol skjer på ein forsvarleg måte og i samsvar med alkohollova, samt at kontrollen med sals- og skjenkeløyve blir gjort på ein forskriftsmessig måte.

Det er gjort fleire endringar i alkohollova med forskrifter, gjeldande frå 01.01. 2016:

- [Alkohollova § 1-6](#) gir kommunestyret høve til å vidareføra gjeldande løyve utan fornyingsprosess. Dette er grunnlag for at det i denne planen er ei vidareføring av skjenke- og salsløyva i Sauda.
- [Alkohollova § 1-8](#) er heimel for ei rekke nye bestemmelser, som mellom anna gir kommunen ansvar for prikktildelingssystem ved brot på lov og/eller forskrift.
- [Alkoholforskrifta § 17-3](#) har nye bestemmelser om kunnskapsprøvar for kontrollørar og verksemdar med løyve.
- [Alkoholforskrifta § 10](#) om prikktildelingssystemet. Som ein følgje av dette utgår vårt tidelgare kapittel om reaksjonsformer og blir erstatta av § 10.

## 2 ALKOHOLOMSETNING, SKJENKE- OG SALSTIDER.

### 2.1 Omsetting, skjenking og sal

I siste 4-års løyveperiode har det vore følgjande omsetning og skjenking av alkohol i Sauda:

	Skjenking			Sal
	Brennevin	Vin	Øl	Øl
2012	643	918	22555	198132
2013	661	1827	26164	212961
2014	548	2901	31470	222092
2015	676	5337	30590	207599

Tala er basert på oppgåver frå sal- og skjenkestadene og er oppgitt i liter

Omsetning på vinmonopolet i Sauda, perioden 2012 - 2015

År	Brutto oms.	Vareliter					
	(1000 kr)	Totalt	Brennevin	Sterkvin	Svakvin	Øl	Alkoholritt
2012	19 825	102 185	21 951	664	78 208	1 097	264
2013	20 146	102 675	21 060	579	79 479	1 244	313
2014	20 400	103 002	20 327	563	80 079	1 655	378
2015	20 519	102 944	19 481	541	80 230	2 163	529

Tala er henta frå årsmeldingane til Vinmonopolet og er oppgitt i liter

## 3 SKJENKE- OG SALSØYVE

Skjenke- og salsøyve blir gitt for inntil fire år, og med opphald seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer, jf. Alkoholova § 1-6, 1. ledd.

### 3.1 Salsøyve - Alkoholova § 3.

Kommunen gir salsøyve for

- Alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent alkohol)
- Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 (over 4,7 volumprosent og mindre enn 22 ) og 3 (frå og med 22 til og med 60 volumprosent) til Vinmonopolet.

Salsstadene skal ha god informasjon om aldersgrense og legitimasjonsplikt ved kjøp av alkohol. Dei tilsette skal sjå til at det ikkje blir drukke alkohol i salslokalet og at det ikkje skjer sal av alkoholholdig drikk til personar som er åpenbart påvirka av rusmiddel.

Salstidene følgjer av [alkoholova § 3-7](#):

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje frå kl. 08.00 til kl. 18.00. På dagar før søn- og heilagdagar skal salet slutta kl. 15.00. Kommunestyret kan likevel vedta ei salstid fram til kl. 20.00 på kvardagar, og fram til kl. 18.00 på dagar før søn- og heilagdagar. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Då kan det seljast fram til kl 2000. Det er forbod mot sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 etter kl. 20.00 på kvardagar, og etter kl.

18.00 på dagar før søn- og helgedagar unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. I Sauda har kommunestyret vedtatt salstidene lik maksimaltidene i lova.

Sauda kommunestyre vedtar i samsvar med [alkoholova § 1-6](#) å vidareføra følgjande gyldige salsløyve utan fornyingsprosess, fram til 30. september 2020:

Butikk	Eigar	Adresse	Gruppe	Tidsrom
Vinmonopolet Sauda	Vinmonopolet AS	Torggata 1	1, 2 og 3	08.00 – 18.00
Coop Extra Sauda	Coop SørVest BA	Brugata 2	1	08.00 – 20.00 (18.00)
Kiwi Sauda	Ordin Skorpe AS	Brugata 12	1	08.00 – 20.00 (18.00)
Bunnpris Sauda	Bunnpris Vest AS	Saudavegen 9	1	08.00 – 20.00 (18.00)

### 3.2 Skjenkeløyve – Alkoholova § 4

Sauda kommune gir skjenkeløyver for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 i følgjande tidsrom:

Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 (brennevin) kan skje frå kl 1300 til kl 0100 maksimaltida i lova er kl. 1300 – 0300).

Skjenking av annan alkoholhaldig drikk kan skje frå kl 0800 til kl 0200 (maksimaltida i lova er kl. 0600 – 0300).

Kommunestyret gir ikkje dispensasjon frå sine vedtatte skjenketider.

Sauda kommunestyre vedtar i samsvar med alkoholova § 1-6 å vidareføra følgjande gyldige skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, utan fornyingsprosess, fram til 30. september 2020:

Skjenkestad	Juridisk navn	Adresse	Gruppe
Kløver Hotell	Kløver Hotell AS	Skulegata 1	1, 2 og 3 - uteservering
Kløver hotell, Puben	Kløver Hotell AS	Rådhusgata 19	1, 2 og 3 - uteservering
Kløver Hotell, Mettes	Kløver Hotell AS	Prestegata 2	1, 2 og 3 - uteservering
Mamma Rosa	Mama Rosa v/Cevdet Sahin	Rådhusgata	1, 2 og 3
Sauda Skisenter	Sauda Skisenter AS	Svandalen	1, 2 og 3
Plan Be	Tezza AS	Rådhusgata 18	1, 2 og 3
Sauda Fjord Camping	Sauda Fjord Camping AS	Sjøen 12	1, 2 og 3 - uteservering
Best Western Sauda Fjordhotell	Sauda Hotell drift AS	Sjøen 2	1, 2 og 3

## 4 GEBYR FOR LØYVE

Det skal betalast gebyr til kommunen for omsett mengde alkoholhaldig drikk (Vinmonopolet er unntatte). Gebyra for skjenke- og salsløyve følgjer av [alkoholova § 7-1](#) jf.

[alkoholforskrifta § 6-2](#). Gebyrsatsane er for kvar vareliter. Satsane er nå som følgjande:

- For sal skal det betalast kr 0,20 pr vareliter for alkohol i gruppe 1

- For skjenking skal det betalast kr 0,44 for alkohol i gruppe 1, kr 1,18 for alkohol i gruppe 2 og kr 3,87 for alkohol i gruppe 3.

Løyvegebyret er likevel minimum kr 1540 for sal, og kr 4800 for skjenking. For ambulerande løyve kan det krevjast eit gebyr på kr 340,- pr gang.

I særlege tilfelle kan kommunen som løyvemyndighet setta lågare gebyr. Dette gjeld oftast skjenkeløyve til enkelt høve.

## 5 SAKSBEHANDLING

### 5.1 Kommunestyret

Følgande mynde blir avgjort av kommunestyret etter innstilling frå rådmannen:

- Inndraging av løyve jf. [alkoholova § 1-8](#).

### 5.2 Delegert mynde

Følgande mynde blir delegert til rådmannen:

- avgjerd om tildeling av løyve
- avgjerd om tidsavgrensing for sal og skjenking
- flytting av løyve til nye lokale
- utviding av eksisterande skjenkeareal
- ny driftsform, dvs. radikale omleggingar av skjenkinga, slik at den får ein annan karakter
- tildeling av ambulerande løyve jf. [alkoholovens § 4-5](#)
- tildeling av løyve for eit enkelt høve jf. [alkoholovens § 1-6](#), 2. ledd.
- utviding av skjenke- og salstid for eit enkelt høve
- utviding av skjenkelokale for eit enkelt høve
- fastsetting av skjenkegebyr for enkelthøve og ambulerande
- skifte av styrar og avløysar
- gi påpeiking/åtvaringar i samsvar med [alkoholova § 1-8](#), jf. [Alkoholforskrifta § 10](#) - prikkbelastningssystem.

## 6 KRAV TIL LØYVEHAVAR

For kvart løyve skal det peikast ut ein styrar med avløysar som må ha dokumentert kunnskap om alkoholova og bestemmelser gitt i medhald av den. I styrars fråvær overtar avløysaren styrar sine plikter. Løyvehavar må straks søka om godkjenning av ny styrar og/eller avløysar dersom det blir endringar i desse rollene.

Jf. [alkoholforskrifta § 6-3](#); ved årsslutt skal løyvehavar senda inn oppgåve over faktisk omsett mengde alkohol.

Jf. [alkoholforskrifta § 8-3](#); alle løyvehavarar har ansvar for at løyvestaden har eit velfungerande internkontrollsystem med systematiske tiltak som førar til at den/dei ansvarlige for verksemda skal

- ha oversikt over krav i løyvet, alkohollova og bestemmelser fastsett i medhald av alkohollova som gjeld for verksemda,
- sørge for at tilsette i verksemda har tilstrekkelige kunnskaper og kompetanse til å halda krava til verksemda, herunder krava til internkontroll,
- ha oversikt over korleis verksemda er organisert og korleis oppgåver og ansvar er fordelt,
- ha rutiner for å sikra oppfyljing av krav i løyvet, alkohollova og bestemmelser fastsett i medhald av alkohollova som gjelder for verksemda,
- ha rutiner for å førebygga, avdekka og retta opp avvik,
- foreta systematisk og regelmessig gjennomgang av internkontrollen

Løyvehavar pliktar å underretta kommunen straks ved alle endringar som påverkar opprinneleg vedtaksgrunnlag for gjeldande løyve.

Løyvehavarar pliktar å delta med sine tilsette på kursa som kommunen kallar inn til, for eksempel «Ansvarlig Alkoholhåndtering» (for salsnæringa) og Ansvarlig Vertskap (for skjenkenæringa).

## 6.1 Kommunen sin kontroll med praktisering av løyva

Jf. [alkohollova § 1-9](#) og [alkoholforskrifta § 10-1](#) – [§ 10-7](#).

Kommunen kan når som helst krevje tilgang til lokale og rekneskapa til sals- og skjenkestader. Kontroll av skjenkestad skal gjennomførast med minst to kontrollørar, som må ha bestått kunnskapsprøve etter kapittel 5 i alkoholforskrifta. Kontrollar av sals- og skjenkestader kan gå føre seg kjent eller anonymt. Skriftleg rapport skal sendast innan ei veke til sals- eller skjenkestaden med tilgang for løyvehavaren til å uttala seg innan to veker.

Ved brot nemnt i [alkoholforskrifta § 10-3](#), skal kommunen tildela løyvehavar eit bestemt tal prikkar. Dei enkelte brot skal som utgangspunkt gi åtte, fire, to eller éin prikk. Eit enkelt brot vil difor normalt ikkje åleine kunna føra til inndraging. Likearta brot avdekka ved same kontroll skal vurderast som eitt einskilt brot.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på èi veke. Ved utrekning av toårsperioden, blir tidspunktet for brotet lagt til grunn.

Der det ligg føre grunnlag for prikktildeling, skal kommunen senda ut førehandsvarsel til løyvehavar.

Dersom tildeling av prikkar dannar grunnlag for inndraging, skal kommunen senda ut førehandsvarsel om inndraging av løyvet.

Reaksjon ved omsetning av narkotika ([alkohollova § 1-8](#))

Eit gitt sals- eller skjenkeløyve blir vurdert inndratt for heile perioden eller for avgrensa tidsrom, dersom det blir brukt eller omsett narkotika på løyvestaden og det ikkje blir gripe inn overfor dette. I slike tilfelle skal politiet høyrast.

### 6.1.1 Ymse

#### **Ambulerande skjenkeløyve**

Brot på gjeldande alkohollovgiving, og/eller vilkår o.a. som er gitt av Sauda kommune i forbindelse med utøving av ambulerande skjenkeløyve/løyve gitt for enkelt spesiell anledning, skal medføre at løyveinnehavar ikkje kan pårekna godkjenning av ny søknad om ambulerande skjenkeløyve før det har gått 2 år frå siste brot på bestemmelsane.

#### **Skjenkeløyve ved spesielle anledningar utanom fast skjenkelokale**

Dersom ein løyvehavar, under utøving av utvida løyve (for eksempel enkeltarrangement) får negativ rapport for brot på gjeldande lover og bestemmelsar o.a. gjeld dei same krav og reaksjonsformer som for "hovudløyvet".

#### **Informasjon om skjenke- og salsløyve**

Rådmannen gir informasjon til formannskapet etter utførte skjenke- og salskontrollar.

**Årleg møte.** Rådmannen skal ha møte med løyvehavarane minst ein gong årleg, der òg representant frå politiet blir invitert. I dette møtet skal eitt av temaa vera evaluering av denne planen.